

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 24.08.2011
 Frå: **Administrerende direktør**
 Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 06.06.11 - 19.08.11**

**Administrerende direktør si orientering pkt 4
 Styresak 085/11 O**

Styremøte 07.09. 2011

Oversikt over aktuelle nye lover og lovendingar i perioden 06.06.11 – 19.08.11

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Lov om folkehelsearbeid	24.06.11	Lova trer i kraft 1. januar 2012.
Lov om kommunale helse- og omsorgstenester	24.06.11	Lova trer i kraft frå det tidspunkt Kongen bestemmer.
Endingar i arbeidsmiljølova og folketrygdlova		Nye reglar for oppfølging av sjukemeldte arbeidstakarar. Endingane gjeld frå 1. juli 2011. Endingane skal sikre tidlegare og tettare oppfølging av sjukemeldte. Samstundes blir det innført sanksjonar dersom pliktane i oppfølgingsarbeide ikkje blir følgd. Målet er å få innarbeidd ein forpliktande oppfølgingskultur og ein god dialog mellom arbeidsgivar, arbeidstakar, sjukemeldar og NAV.

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 06.06.11 – 19.08.11

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift om informasjonssikkerheit ved elektronisk tilgong til helseopplysingar i behandlingsretta helseregister	24.06.11	Forskrifta regulerer tilgong til helseopplysingar og skal bidra til auka informasjonssikkerheit og personvern samstundes som ein kan yte helsehjelp på ein forsvarleg og effektiv måte. Forskrifta skal sikre informasjonssikkerheit internt i verksemda, men også når elektroniske pasientopplysingar skal bli delt mellom dei ulike aktørar innan helsetenesta. Forskrifta vil tre i kraft frå det tidspunkt Kongen bestemmer.

**Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden
06.06.11 – 19.08.11**

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøte i Helse Vest RHF	08.06.11	Onsdag 8. juni 2011 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF for behandling av følgjande saker: <ul style="list-style-type: none">- godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2010- godkjenning av godtgjersle til revisor- årleg melding 2010- endring av driftskredittramme for 2011- endring av instruks om forholdet til universitet og høgskuler
Tilleggsdokument til Oppdragsdokument 2011.	01.07.11	Sjå eiga sak.